

i u-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag

01/06

Nyttår fekk sitt comeback på Utsyn.

side 4 og 5



I U-lage avslørar: Brukte månad gammalt kjøtt på restefest!

side 6

Visste du at du er verstatteleg?

side 2

"Dette var så løye at ein sko tru det var synd"

side 8

Boikott: bra eller barnsleg?

Leiar

Av: Øystein Begrøy

Eg vil gjerne bruka den første leiaren i 2006 til å ta opp ein ting som engasjerer meg. Dei som kjenner meg veit at eg har nokre prinsipp. Nokre vil kanskje seia at eg har for mange. Eg vil no dela eit av dei med dykk. Kanskje vil nokre av dykk le av meg og tenkja "For ein pubertal jyping! Han har sikkert slike prinsipp for å verka politisk korrekt!" Dette er tull. Uansett, det irriterer meg i vår vestlege verden er det at me trur me veit alt så mykje betre enn andre og at problem som ikkje rammar oss, ikkje er så viktige. Det vil eg at me skal endra!

I mange år har eg boikotta Coca-Cola Company (Vent, ikkje sukk og legg vekk avisa! Les vidare). Grunnen til dette er alle dei urimelege forholda dei utsett mange av arbeidarane sine og befolkninga rundt fabrikkane sine for. La meg ta nokre døme frå Sør Amerika.

I Latin Amerika kjører CCC arbeidarane sine hardt. Dei jobbar under uverdige tilhøve og tener lite. Og i Colombia har det lenge vore kjent at CCC har tilsett og alliert seg med paramilitære grupper. Under forhandlingar med leiinga blei mange medlemmer av fagforeininga

brutalt overfalte og drepne.

Kirkens Nødhjelp har ført ein boikottkampanje mot CCC pga deira utnyttning av grunnvatnet i ein landsby i India "De lokale brønnene gikk tomme, avlingene sviktet og befolkningen mistet dermed livsgrunnlaget sitt. I tillegg ble folk syke; ifølge en bred helseundersøkelse som ble gjennomført for to år siden led påfallende mange av allergiske reaksjoner, feberanfall, håravfall og spysjuka."

Etter fleire protestar frå lokalbefolkninga og press frå forbrukarar som deg og meg, måtte CCC gje tapt og gå med på at dei ikkje ville driva fabrikk utan stønad frå lokalbefolkninga. Dette viser at det nyttar å kjempa. Framleis er gjenstår mykje. CCC har ikkje gjeve indarane kompensasjon enno.

Økonomisk boikott er eit ekstremt kraftig verkemiddel i vårt kapitalistiske samfunn. Me har sjølve sett korleis den muslimske boikotten av danske produkt ramma Arla slik at dei måtte kutta mange arbeidsplassar. Her er nokre produkt frå Coca-Cola Company: Coca Cola, Fanta, Sprite, Tab Extra, Bon Aqua, Minute Maid (juicefirma), Urge, Powerade (sportsdrikk) og Aquarius (sportsdrikk).

Og ein ting til, ikkje tenk at "arbeidarane kan vel berre slutta dersom dei er i livsfare når dei jobbar i Coca-Cola" eller "ingen myndigheiter ville godteke at dette hadde skjedd i landet sitt!". Me må hugsa på at desse folka og landa er svært avhengige av store vestlege firma som utgjer ein stor del av økonomien deira. Når dei store globale selskapa får ein slik posisjon kan dei langt på veg setja premissane for staten sin politikk i sakane som gjeld dei. Me har sett tilfelle i Afrika der eit land vil innføra strengare miljølover som vil påføre dei store selskapa avgifter, men som må skrinleggja planane etter selskapa truar med å leggja verksemda til andre land. Dessutan er arbeidsløysa stor og med eit dårlegare velferdsystem enn det norske er det kanskje ikkje like lett å seia opp ein jobb eller vera aktiv i fagforbundet.

Dette er ei oppfordring til kvar enkelt lesar og til ungdomslagsstyret. Vis at me ikkje godtek at andre blir umenneskeleg behandla i pengane sitt namn! Boikott Coca Cola Company!

Kjelder : www.cokewatch.com og www.nca.no/article/articleview/4131/1/433/

Godt Nyttår kjære lesar!

Formannshelsing

Av: Kjell Morten Eggebø

Tida flyr og me i styret kan allereie sjå tilbake på ein velluka haust med Kvinatun og Nyttårsfeiringa på utsyn som dei største hendingane. Tida flyr faktisk så fort at det snart er klart for ny weekend, denne gong med destinasjon Stavtjørn Misjonssenter. For de som ikkje er over 70 (eller under 16) og som dermed har

ein nokonlunde god hukommelse så ringjer det sannsynlegvis ei litt rusten bjelle når ein nemner Stavtjørn Weekend. Dette er jo sjølvstekt fordi fjorårets weekend, til nettopp Stavtjørn, enda med knuste vinduer og slitne brannalarmer og leiarar.

Eg for min del trur at årets weekend kjem til å bli ein fantastisk weekend! Me stiller med mange ifra styrer og stell,

pluss me har med oss miljøpersonar slik som på Kvinatunweekend i haust. Og i tillegg så har me jo med oss Geir Erik Børresen og Espen Idsøe som talarar, så eg kan garantere eit bra åndeleg utbytte av helga!

Ellers så er det allerede 50 påmeldte så send melding til ungdomslaget sin mobil snarast!

Du er uerstattelig!

Andakt

Av: Marita Sandanger

Eg har lyst te å fortelle om någe så skjedde for et par veger si. D va ein periode der eg følte meg ganske åleina å ganske ubetydelige i egentlig adle sammenhengar. Spesiell når det jalt kristent arbeid. Får dokke så kjenne meg så e kje eg sånnein så lige å stå foran masse folk å holda andakt (dette bler på ein måte ein light-versjon), og eg kan verken synga elle spela någe. Men eg føle sammtidigt at eg stille opp liga møyje så andre, så koffår har kje Gud gitt meg någen sånne nådegaver? Å som dokke kanskje vett så e eg me som leda på ungdomms alphakurset. Der totle eg egentlig bare ronnt å pynte, d e kje någe allverdend , å d e någe adle konne gjort. Å sjøl om andre seie d e viktig d åg, så e me vell adle enige om at d e viktigare at någen har andakt.

Eg gjekk ganske lenge ronnt å tenkte på dette her, å blei vell egentlig bare meir å

meir øvebevisste om at d va lide vits i meg. Men så ein kvell når eg låg å leste i ei bog så hette *Heart of worship*, så va der någen linjer så traff meg. Der sto det at som tjenere kan me ersattas å skiftas du, der e me erstattelige. Men som sønn eller datter, og som Guds barn, der e me uerstattelige. Uerstattelige! D e ganske sterkt d, ingen, absolutt ingen kan erstatte deg for Gud. I d arbeide me gjere her på jordå plokke han du dei han vill te å gjer ulige oppgaver for seg (å var takknemlige får d du får gjer!), men der kan du erstattas. Ingen e så flinke lov-sangslederar at Gud isje kan ersatta di elle så flinke andaktsholderar at Gud isje kan klara seg uden. Eg syns me sga sjå på d som ei æra når Gud broge oss. Tenk å få gjer ein jobb for sjølv kongen! Men d viktigaste e kje d du gjer, men d du e!

Eg vill åg benytta annledningen te å fortella om et bønnesvar eg fekk i denne perioden. Det e vertfall det styssta å tydeligaste bønnesvaret eg någen gång har

fått! Eg har jo hørrt før om at Gud snakke direkte te mennesker, men at d konne skje me meg hadde eg aldri trudd! D e liksom dei superkristne så får oppleve det. Men så hadde d seg sånnt at ein torsdagskvell itte at eg hadde vore på alpha satt eg på hybelen å ba. Eg va heilt på bønn, å livet føltet tongt, eg visste kje ka eg sgo gjer, så å be føltet som det einaste retta å gjer. Plutselig konne eg hørre ein stemme så snakka te meg, å eg e fullstendig øvebevisst om at d va Gud. Stemmen va i rommet, men i mitt rom på ein måte. Ann va varme å beroligane å han ga meg klare svar på d eg sporte om. Han lot meg få møda han når eg trengte d som mest. Det va ein fantastisk opplevelse!

Te slutt vil eg oppfordra dokke adle te å var fornøyde me d me får, både når d jelle nådegaver å bønnesvar. Gud vett ka så e best får oss og isje glømm at DU e uerstattelige! Har dokke lest bogå *Heart of worship* av Matt Redman? Viss isje, gjer d!

Skilt ved Fødselen



3 x pysjamasheltar med og utan underbukse: f.v. Ole Andreas Sivertsen (den barske), Terje Madland (den småfrecke) og Endre Flesjø (den billige).

Innsendt av: Odd Bergøy

Nyttår 05/06

31. Desember – 1. Januar

Av: Simon Madland

Ein vinterkveld i desember. Årets siste kveld. Ute er det kaldt og frosten bit tak i marka. Vinden stilnar, som om han er sliten etter ein hard dag på jobben. Mørkre har senka seg over det langstrakte land. Ute er stillheten bare avbrutt av ein og annan støyande Volvo 240 som kjem "køyrande" forbi. Klokka nærmar seg sju og ein skulle nesten tro at folk ville slå seg ned ved peisen for kvelden. Men ikkje i kveld. Eit mannsprega styre i Finnøy ungdomslag har allerede planlagt kvelden i månadar. Alle unge hokjønn har etter mangfoldige timar på badet endelig bestemt seg for kveldens antrekk og lagt på matchande sminke. Det er nyttårsafta.

Nyttårsfesten 05/06 føregjekk på eit nyoppussa Utsyn ungdomssenter. 105 forventningsfulle og pynta ungdommar



Nyttår 05/06, dette va bl.a. d så hendte...
Kjetil prøve å elga seg innpå damene:
-"Slutt Kjetil å klø meg på ryggen! D svir!"
-"Ja, men her står d jo at jenter lige d"



... Me fekk besøg frå den eldre garde:
-"Nja du vett før så hadde me ikkje nyttår og slikt. Ja ja me hadde nå ein slig ein primstav me dreiv å snudde på, men ikkje någe meir."

var samla for å gå saman inn i det nye året. Nokon feira slutten på 2005, andre byrjinga på 2006.

I tillegg til mange entusiastisk og estetisk Finnøyarar var det og Karmøybuar, Ølensvågubuar, Østlendingar og andre tilreisande.

Det var lett å føla seg velkommen på Utsyn denne kvelden. Me kom til eit gjennomført dekk bord, og ein scene som det lyste arbeid og førebuing av. Kjell Morten Eggebø overlatar ingeting til vilkårighetane. Kvelden vart opna med at ein nyklipt og forandra Kristoffer og hans medhjelperar framførde eit slags rocka forsøk på å skapa ei lita kjensle av feiring og nyttår. Dei lukkast forholde tatt i betraktning ganske greit. Vidare vart me ønska velkommen av kveldens leiar, og det fulgte ein åndelig del med lovsangar og vitnesbyrd av ei viss Guri. Her fekk me høyra om å stola på Gud og teikna han visar oss.

Etter andakten vart det lagt inn ein "forsinking" av kveldens middag, svinekam, som gav oss tid til ettertanke. No-

kon tenkte på suksear og fadesar i året som var gått. Andre drømte om alt dei ville gjera i løp av det neste året. Andre er eg ganske sikkert på at ikkje tenkte nokon ting. Når me var ferdige å tenka vart det vist ein lengre video frå ungdomslagets tidlegare arrangement som nok var svært underhaldande for dei som deltok.

Kort tid etter denne slutta vart me serverte middagen av mange vakre serveritørar. Nokre vakrare enn andre. Middagen var svært god, og tilfredsstilte mange svoltne magesekkar. Desserten bestod av Dronning Maud, og enkelte sleit med å eta opp dette etter ein meget god og mettande middag.

No var det tid for underhaldninga del 1, og underhaldningssjef Lars Vangen åpna med "Der ingen skulle tro at nokon kunne bu" der me fekk møta ein polakk som bodde i ein containar. Korva schulbibi jeshspana. Spatziba. Vidare fulgte mange berikande innslag fram til me skulle i kyrkja på midnattsgudsteneste klokka elleve.

Dette var eit av kveldens høgdepunkt, og ein veldig fin måte å avslutta det gamle året på. Krona på verket var leikande og fyldige tonar frå tverrfløyta til Hanna Nordbø som framførde ein instrumental på "Herre gje meg dine auge".

Etter ein rask kjøyretur tilbake frå kyrka var det tid for sjølve essensen i nyttårsafta. Me var tilbake på Utsyn fem på tolv, og blei møtt av rakettar og feststemning.



...Någen va sje heilt fornødde me maden.



...Men få gjekk så langt så Lars:
Han blei tatt på fersken i sitt simpla forsøg
på å nyda medbragt chips. Kossen han smug-
la an inn forblir et mysterium.

Her fulgte det årlige ritualet der mange gitar nyttar høvet til å få flest mulig klemmar av jentene, og kva veit eg, kanskje gjeld dette også andre vegen? "Endelig ein god årsak til litt fysisk kontakt!". Mange håndtrykk, omfavningar, kyss og lukkeønskningar fant stad i løpet av dei neste minutta. Medan me andre var i kyrkja hadde flittige sjeler sørja for å ommøblera heile matsalen til koselige sittegrupper med frukt og andre forfriskningar, og me fekk servert kaffi og kaker. Det er viktig å hugse på dei som brukar nyttårskvelden sin til å leggja til rette for at me andre skal kosa oss, og kanskje gje dei ei lite oppmuntring, viss anledninga b y r s e g . Når me hadde ete oss gode og mette atter ein gong vart det underhaldning, d e l 2 . Lars hadde klar ein ny episode av "Der



...Ole vant nm i rollestol

ingen skulle tru at nokon kunne bu", denne gong i ein kano i eit naust. Det var og superheltskyggespill, superheldidol og andre underholdande innslag. Det som beit seg best fast i minne var imidlertid ein ganske enkel sketsj, framført av Marie og Camilla. Proffesjonelt skodespel til fingerspissane og eit godt poeng i ein litt forandra utgåve gav nokre få personar ein liten latter.

Plutseleg hadde klokka vorte 2 og kvelden var over, og alle saman trakk kvar til s i t t . Men der festen slutta byrja noko anna. Eit nytt år med nye moglegheitar. Moglegheitar for ein ny start, for nye vennskap og forsning mellom gamle u v e n e r . Eit år der bånd kan bli knytta og bånd



...Kvelden inneholdt og andre ting:
Edderkoppmannen prøvde å trø på brillene t
Erling Rosland (uden hell)

k a n b l i b r u t t . Eit år der kvar enkelt kan jobba for det dei trur på, og gjera verden til ein betra p l a s s . Eller ein verre plass, alt etter som. Eit år med blanke ark og moligheitane å p n e . La oss håpa at det blir eit godt år for ungdomslaget der nye kan få møta Jesus.

Til slutt vil eg senda ein liten takk til alle som var med og jobba for at nyttårsfesten på Utsyn vart så bra som han vart, det ligg mykje arbeid bak eit slikt arrangement, både i førekant og i ettertid og ikkje minst på sjølv nyttårsafta.

OL

Av: Øystein Bergøy

Så er det endeleg tid for det mest storslegne av alle idrettsarrangement. Det er duka for midde-koldtbord når me deisar ned i sofaen og kun reisar oss for å gjera det mest naudsynte. Og på den elektriske boksen kan me sjå blautfeite, ølstyrande tyskarar i grelle grilldress ar, ei Karen Marie Ellefsen som ser meir og meir ut som ein anorektisk 14-åring, og slitne skiløparar som ikkje eig skikkeleg munnstykke til spyttkanona. I tillegg til den store folkesporten curling sjølvsagt.

For meg har alltid OL (Eg vil berre gjera dykk merksame på at dataen automatisk rettar OL til "og lignende", så det er ikkje eit reint lite hendelse å skriva denne teksten) hatt ein sentral plass i livet mitt. Vel, i den grad eit tovekersarrangement som foregår ein gong kvart fjerde år kan ha ein sentral plass i eins liv. Men uansett har eg alltid sett på dei olympiske leikene som det største ein idrettsutøvar kan oppleva. Den olympiske ånda, fellesskapet, folkefesten og, ja, til og med blautfeite tyskarar virkar for meg som den optimale idrettsopplevinga. I lys av alt dette er det ikkje rart at fallhøgda er stor. Det ser per no (20. feb) ut som at dette blir ein heller kjedelig affære for Norge sin del når det gjeld gullmedaljar. For meg er gullmedaljen på høgde med fruktkorga på basar, og vann eg ikkje den blei det grining. Slik er det litt no og. Det er difor lett å forstå at enkelte av oss blir skuffa av våre idrettsutøvarar som ikkje heilt utfyller forventningane. Berre sjå på Tore som no har gått over til Omega 3 etter han blei vonbroten av den Möllers Transpona Marit Bjørgen. Og kven vil vel bruka tran meir no? Tranen skulle jo hindra at Bjørgen blei sjuk før OL, noko som den skuffande nok ikkje klarte.

Men når ein blir skuffa av heltane våre, som t.d. Ole Einar Bjørndalen, så ha det i minnet at dei trass alt berre er menneske som du og eg, og at skiskyting er ein mindre utbreidd idrett enn homorugby på verdsbasis (heilt sant!) .

Heia Norge!

Restefest

7. Januar

Av: Tore Sevheim

I god gammel tradisjon fant Vangen frem godt gjemte godbiter fra fryseboksen. Ikke rart kokkene Kristi og Marianne var måteholdne med spisingen.


Restefest er ikke for svake sjeler. Mange vil si den ikke er for svake mager heller, men det er kun ved uvitenhet for hvor lenge kjøtt holder seg i nedkjølt tilstand. Restefesten var i god norsk landbruk-sånd om at ingenting skal kastes. Selv om det var hverken brunost, yoghurt eller blåmuggelost, så var det kun brukenes til en ting. Gryterett. Når kjøttet nærmest er eldre enn det oxen ble, kan det trygt kalles årgangskjøtt. Vangens logikk her var at alt som er årgang er fancy, og alt som er fancy er godt. Kritoffer og Anders lot seg tydelig overbevise. De nøt gryteretten og selv mesterhjernen bak det hele forsynte seg grovt.

Øystein og Lars begynner selv å bli av



"Bare se, men ikke røre! Det har mor så ofte sagt..."

gammel årgang. Så vellagret og overmodne at de følte det var på tide å undervise i barneoppdragelse. I god Se&Hør-stil gikk de julebuk på scenen med iulage skjult blant publikum. Latte- ren satt løst, men kanskje mest på grunn av at Øystein fant det litt vel vanskelig å gå med sko på knærne. Så neste gang bør det vel jobbes litt mer med koreografien. Poengene var bra, men er blitt sensurert av vær- ekstremt- varsomplakaten, slik at det ikke kan gjengis her.



I u-lage tok Vangen på fersken då han prøvde å skjula sitt suspekte brygg.

Med god selvinnsikt har jeg innsett at kommetaren om andakten overlater jeg til Kjell Morten.
- Storveis!

Øuzzkveld

14. Januar

Av: Ole Andreas Sivertsen og Odd Bergøy

Det var ein mørke å stormfull lørdagskvell på Finnøy, men på Lauvsnes bedehus, så va det liv som vanleg.

I kvell var det nettopp klart for dei populære playstation spelå: Buzz å Singstar. Dørene opna hall 9 å Tor Øyvind skeiseid va klar for familie nytt/andakt når klokka nærma seg 10. Det va godt oppmøte, men spesielt småripså hadde funne veien denne kvelden. I musikk quiz spele "Buzz" så konkurrerte 5 lag. Men i å me at Maria kunne spørsmålå på rams

etter intim jule speling på Nærland, va det egentlig ikkje nokon konkurranse.



"Ja, eg lige altså lange turar i skogen og rolige kvellar foran peisen. Så bare ring damer! Eg vente her på dåkke!"

Etter "Buzz" var det duka for karaoke spelet "Singstar".

Ironisk nok så va det guttane så domierte synginga denne kvellen. Å Tor Øyvind tok "Sunday People" uten sure tenårings toner.

Alle såg ut til å væra utsongne i 00.00 tida, men dei aller ivrigaste sat heilt til klokka 03.00.

(spesielt takk til vår kjære medarbeider Terje Madland som på kort varsel rigga opp scene lys og diverse effekter)

Adles bursdag 28. Januar

Av: Eirin Nordbø og Kristina Roda

Lørdag 28 januar va d klart for å feira bursdag.

Dørene åpna hal 9, og klåkkå 9 bjunnte me med å synga borsdags-sangen. Itte på fekk me en veldig bra andakt av Brit Idsøe.

Dr va litt bursdags lekar, sånn så hørre hemma i et selskap..;)Andrea blei og kåra te årets bursdagsbarn..=) I kiosken jekk d ann å få pølsa,snob,kaga og gele, som foresten va forma som ein bamse, ganske tøffe..;)...

Alt i alt så blei d en bra bursdag..:)



Terje fekk så lidå ti at han dessverre ikkje rakk å sminka seg denne kvellen.



Þuss Þy Þowling

28. Januar

Av: Kjell Morten Eggebø

Underskrivne: - Hei. Eg ringe ifra Finnøy Kristelege Ungdomslag, me pleie av å te fyl-la opp ein buss og ta ein tur innom dåkke og bowla litt..?

Bowlingmann : - Hehe Ja eg huske GODT dåkke kan du sei.

At mannen på metro bowling hugsa oss så godt er vel ikkje akkurat så rart, for antakeligvis (håpar i alle fall det for hans del) så er det ikkje kvar laurdag at det kjem 50 øy-ungdommar veltanes inn for å bowle. At McDonalds folka kjente oss igjen har nok like mykje med at me fleire gonger har fått dei til å forlenge opningstida for vår del, og at me har hatt

andakt der.

Denne gongen såg oppmøtet svært labert ut dagen før avreise, men der kom ein del påmeldingar same dagen. og når ferja la fra kai var me 30 stk i bussen. Bussturen gjekk for ein gongs skuld utan motorhavari av noko slag, mykje grunna at Finnøy buss har anskaffa seg ny buss, og at bussen ikkje var fylt til randen la ingen demper på humøret på turen.

Ellers gjekk det meste som det plar; Me fekk mat på McDonalds, me fekk brukt opp pengene våre på bowling, biljard og speleautomatar i alle fargar og variantar og eg fekk meir poeng enn bussjåføren.

Skilt ved Fødselen



Har Piraten Pysa frå kaptein Sabeltann sitt mannskap...



...blitt skilt frå vaskedameassistent og FBULEIAR Kenneth Falkeid ved fødselen?

Innsent av: Lars Vangen

Overskrift

Eg husa før

Av: Roy Asle Tunglund

Tida i ungdomslaget var ei fin tid, og det var ofte vanskelig å skilje mellom kva som skjedde på arrangementa og elles, det var liksom ungdomslaget alt. Det var alt frå bønesamling på Lauvsnesloftet til å bli mistenkt for å vera "dritings" ved cafebordet på Utsikten, på veg heim frå Menighetscup i Kristiansand, etter ei helg utan alt for mykje søvn.

Men den beste historia frå Menighetscupane var vel når André lettare oppskaka ikkje fekk folk til å tru at han hadde sett ein sjiraff i skogen (han visste ikkje at hytta låg rett ved Dyreparken!). Me hadde forresten eit bra namn på laget vårt; "Dei målbevisste", men me var

aldri blant dei som måtte stå tidleg opp for å spele kvartfinalar på søndagen...

Noko av det beste med Ungdomslaget var at alle fekk oppgåver med å driva laget, alt frå å stå i kiosken, til å halda ein andakt. Dette førte til at me fekk eit sterkt eigarforhold til laget.

Når det gjeld forkynninga og trua, var det både og. Enkelte eldre talarar ville helst ha det til at dei som levde livet og hadde det kjekt, gjekk det gale med. Me fekk liksom inntrykk av at me som kristne gjekk glipp av noko "stort", men at det likevel skulle vera det beste. Jo meir det kosta deg, jo åndelegare var det. Dette førte jo igjen til kommentarar utpå kvelden etter møta som: "Dette var så løye at ein sko tru det var synd".

Men når du alltid hadde vore ein kristen og ville høyra Jesus til, var det ikkje alltid like lett med ei slik forkynning i ei ungdomstid der mykje kjendes usikkert. Viss det siste eg kunne tenka meg var å bli misjoner i Afrika, kunne eg vera sikker på at det var akkurat det som var planen for mitt liv. Eg trur nok at dette førte til at det var skummelt å komma for nær Gud og i ein periode. -Som å pussa tennene, men aldri bruka tanntråd. Då må du normalt sett til tannlegen til slutt. Og det er eg glad for at eg gjorde. Etter eit fellesmøte, fekk eg saman med ein av talarane, sett ting på plass og eg oppdaga at jo nærare du tør å søkja Herren, jo betre er det. I dag er det heldigvis lettare og meir normalt (?) å søkje forbøn.

Elles trur eg at det beste med ungdomslaget, var at me fekk kristne vener som me kunne be om alt saman med.

Eg starta med at alt var liksom ungdomslaget, slik var det òg med ungkarsklubben SKUFF. Eg trur bokstavane stod for "Snege karar udn fast følle". På ein tur til Jæren på damejakt, hadde André denne kommentaren, då han hadde kjørt seg vill etter å ha kjørt heim ei

dama; "Æ veit kor æ e, men ikkje kor æ ska", -- ikkje heilt lett å hjelpa.

Eg håpar at me alle veit kor me skal, ungdomslaget har i alle fall hjelpt meg med å finna vegen.

Kommande arrangement

Lørdag 18.februar
Basar

Lørdag 25.februar
Stikk Innom-fest

Lørdag 4.mars
Bålkveld

Fredag 10.mars
Open Hall / Nattcup

Lørdag 11.mars
Konsert v/Staffeldsgatejenter

Lørdag 18.mars
Ungdomsmøte

Helga 24. - 26.mars
Stavtjørn-weekend

Vinnar av "Den lille julereisa"

I førre avis hadde me ein geografikkurranse som me hadde kalla "Den lille julereisa". Det var Kjetil Sevheim som tok oss med på reis rundt om i verda. Premien for førsteplass var eit års gratis abonnement av i u-lage, Den heldige vinnaren blei Tor Øyvind Skeiseid, som hadde alt rett! Me gratulerer hr Skeiseid med premien, dagen og året.

Her er dei rette svara: 1.Kyrkjøy 2.Bergen 3.Molde 4.Stockholm 5.Amsterdam 6.Geneve 7.Barcelona 8.Kabul 9.Shanghai 10.Sydney 11.Cape Town 12.Rio de Janeiro 13.Boston 14.Southampton (båten er Titanic) 15.Birmingham (WBA, frå Birmingham, spelte mot Portsmouth. Portsmouth tapte, og det førte til at WBA heldt seg og Southampton rykka ned) 16.Newcastle 17.Kristiansand (festivalen er Quart-festivalen, oppkalla etter Christian 4. (Kvart)) 18.Lysefjorden 19.Rennesøy 20.Ladstein

Kopiert hjå:



BYGGMAKKER Ladstein

Fordi det lønner seg!



NORBOHUS

Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!